



Styre, råd og utval Ålhus og Helgheim sokneråd	Møtestad Prestegarden på Ålhus	Møtedato 22.08.24
Arkiv nr.		Møteslutt 20.20

Til stades på møtet:

Desse møtte: Silje Sørebo (prest), Knut Magne Nesse (prost), Anette Svidal Slåtten (leiar Ålhus), Ingvill Marie Støfringsdal, Magne Kristian Knotten, Solveig Steenslid Lesto, Bernt Kjøsnes, Ingeborg Bråttvik Slåtten, Inger Johanne Klakegg Hildegunn Huus (leiar Helgheim), Norvald Nedrebø, Steinar Dvergsdal, Camilla Klakegg, Bjørn Anders Steinsund, Marit Vallestad, Aud Førde
Meldt forfall
Saker 19 - 27 /24

Opning v/ Silje Sørebo

Sakliste:

Sak 19/24 Godkjenning av innkalling.
Vedtak: Innkallinga godkjent.

Sak 20/24 Godkjenning av referat av 06.06.24
Vedtak: Referat godkjent.

Sak 21/24 Orientering om prestesituasjonen v/Prost Knut Magne Nesse
Silje Sørebo skal jobbe som prest ut august 24. Stillinga har vore lyst ut 2 gonger. Ved siste utlysing kom det ingen søkjarar. Må lysast ut på nytt og evt. prøve fleire virkemiddel.
Prosten ønskjer innspel :
Må gjere Jølster kjendt på ein positiv måte
Bruke rekruteringsbyrå
Oppdatere facebookside.
Ta kontakt med aktuelle kandidatar som er/blir ferdig utdanna.
Ta kontakt med utdanningsplassane og evt. invitere opp grupper.
Tilby praksisplassar
Kome fram at det er fleire kollega i soknet.
Vi kan alle ta kontakt med aktuelle kandidatar.

Prost Nesse vil stille på soknerådsmøta fram til nye prest er tilsett.

Sak 22/24 Gudstenesteplan haust 2024 v/Prost Knut Magne Nesse

Gjekk gjennom utdelt plan for hausten 24.



Frode Skeie er den som skal kontaktast ved evt. bruk av kriseteam.
Gravferd : Prestane i Førde og Naustdal stiller på. Dei har vakt kvar si veke. Evt. leige inn pensjonistar. Kontoret i Førde har oversikt over vakt vekene. Gravferdsdagar som før : tysdag og fredag.

Sjukeheimen: Rigmor stiller ein gong i månaden. Det er ønskje å få det til 2 gonger i månaden. Evt eine gongen med song stund.
Vassenden er tidspunktet kl 1400 og på Skei kl 16.30

Konfirmantane blir sett opp som hjelparar ved gudstenestene som før.
Silje set opp oversikt kva arbeidsoppgåver dei skal ha, kan gjerne hjelpe kyrkjevertane.

Billett hjelp til konsert i Ålhus kyrkje :

Fredag 27.09.	kl 22	Anette og Ingeborg
Laurdag 28.09.	kl 15	Bjørn Anders og Aud
	Kl 17	Magne og Solveig

Sak 23/24 Kyrkjelydspedagogstillinga, 40 % fordelt mellom Gerd og Silje v/Silje

Gerd Sunde 20 % og Silje Sørebo 20 % i tillegg 15 % konfirmantundervisning

Inneber å følgje opp planane i trusopplæringa –dette blir fordelt på dei 2
Gerd: Barnespel på Skei og Vassenden, Torsdagsklubben på Skei
Silje: Babysong, Klubben på Vassenden, deltar og litt med Speidaren
Kallar inn møte i trusopplæringsutvalet.

Sak 24/24 Økonomi, halvårsrapport for sokneråda

Rapporten er ikkje klar endå – dette pga langtidssjukmelding på kontoret. Ingvar Byrkjeland er vikar og vil ha klar rapporten til ca veke 39/40. Saka blir utsett til neste møte.

Sak 25/24 Klokkarteneste i Ålhus sokn, klokkarinstruks

Det skal lagast ny felles instruks/reglement for heile Sunnfjord. Her skal det inntakast evt. eige instruks for dei einskilde sokna.
Saka blir utsett til seinare møte.

Sak 26/24 Plan for soknerådsmøter hausten 2024

Neste møte : 17.10.24 på Vassenden og 21.11.24 på Skei

Sak 27/24 Meldingar/Orientering.

- 24. august kl 16: Konsert i Helgheim kyrkje med Østerlid (folketonar)
- 25. august : Kyrkjelydstur til Gulen
- 29. august kl 19: "Ikkje med makt" forteljarkveld i Ålhus kyrkje med mat og allsong i prestegarden etterpå.
- 13. oktober kl 16: Jazz på Jølst konsert i Helgheim kyrkje med Iver Kleive og Reiersrud.



- 10. november på Vassenden kyrkjesenter: "Det ingen kunne tru at nokon kunne bu"
- I november: Kveldssete i Helgheim kyrkje med Guro Årdal Rekkedal: "Det vanskeligste kjensla" samtale med tonefølgje
- Frist for stoff til Hyrdingsrøysta i haust : 2. sept og 23. nov.
- Toalettforhold ved Helgheim kyrkje. Må gjerast noko med – området blir mykje brukt. Må og sjå på skilting for camping forbudt.
- Pårørande har tatt kontakt og ønskjer hjelp til stell av graver mot betaling. Dette er ei sak som har vore opp i fellerådet.
-

Ingen tilkomne saker.

Aud Førde
møteskrivar